



Talentfulle Amund Hella Berge-Soldal på veg mot mål i Baroni-løpet i suveren stil.

**På skifesten i Aktivitetshuset torsdag vart det gjort ekstra stas på 10 år gamle Amund Hella Berge-Soldal. Det allsidige idrettstalentet hadde sist sesong så sterke friidrettsresultat at han var heidra med Friidrettsforbundet si sølvnål. Det var leiar i ski og friidrettsgruppa i UIL, Knut Johannes Ripel, som overrekte heidersteiknet til Amund.**

*«Ski/friidrettsgruppa pleier å dela ut sølvnål/bronsenål til utøvarar som oppnår gode resultat i friidrettstevner. I år er det berre Amund Hella Berge-Soldal som har greidd krava til sølvnåla. Sølvnål vert utdelt til utøvarar som oppnår svært gode friidrettsresultat i løpet av friidrettssesongen. Amund- som er 10 år – får nåla for å ha sprunge 600 meter på Stord den 11.08 på tida 1:55,29. Med dette resultatet oppnådde han 914 poeng etter Tyrvingtabellen. Andre gode resultat av han var: Lengde – 3,41 m. i Ulvik 25.06, som ga 852 poeng.»*, sa Ripel då han overrekte sølvnåla til Amund. Resultatet som Amund Hella Berge-Soldal oppnådde på 600 m under Stord-leikane, er så sterkt at det berre er litt over 2 sekund frå kravet til gull-nåla til Friidrettsforbundet.

Vi ønskjer Amund lukke til framover på idrettsbanen.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Knut Johannes Ripel